

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE


PLAN- OG UTBYGGINGSSJEFEN

Kontor: Leikanger — Telefon: Leikanger (056) 53411

Postadresse: 5840 Hermansverk

┌
Årdal kommune
Teknisk etat

5875 ÅRDALSTANGEN
└




Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
86 AH/iv	1517/82 BFR/mar 1651/82	20.09.82


SKREDFAREVURDERING TIMMERSLETTI II - GNR. 11, BNR. 3-
UTLADAL.

Viser til Dykkar brev datert 17.08.1982.

Etter avtale sender vi rapport frå synfaring ved
Timmersletti 6.09. d.å..

Med helsing


Anker Ryhl (e.f.)
planleiar


Bjørn Falck Russenes

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
PLAN- OG UTBYGGINGSSJEFEN

BFR/mar
20.09.82

RAPPORT

SKREDFAREVURDERING FOR UTBYGGINGSOMRÅDE VED TIMMERSLETTI (II)-
UTLADAL - ÅRDAL.

INNLEIING.

Etter oppmoding frå Årdal kommune, ved teknisk etat, blei det 6.09.82 gjort synfaring ved Timmersletti med tanke på vurdering av skredfaren.

Frå kommunen møtte teknisk sjef A.Hjelle og reguleringsarkitekt J.Erdal.

GRUNNLAGSMATERIALE.

Som grunnlagsmateriale har ein i særleg grad nytta vår eigen rapport datert 5.03.82 som gjeld skredfarevurdering av nedre del av Timmersletti. I denne rapporten er det gjort ei øvre avgrensing for det område som med omsyn til skredfaren bør nyttast til bustadføreml.

Det nye området, Timmersletti II, grenser inn til tidlegare vurderte område, sjå vedlagde kartoversyn.

PLASSERING AV DET UNDERSØKTE OMRÅDE.

Timmersletti II ligg i botnen av Utladalen, avgrensa i Nord av Utle, i sør av fjellsida (som når opp i 700 m.o.h. før ho flatar av) og i aust mot garden Øygd.

SKREDHISTORIKK.

Nedre del av fjellsida er dekt med urar og skredvifter. Desse når ned til flatene med dyrka mark på oppsida av fylkesvegen. Det er dessutan påvist ferske spor etter steinsprang ned på flatene.

I 1932 har det losna ein del blokker høgt oppe i fjellsida. Det er meldt om skredblokker avsett i åkeren mellom veggen og Utle.

Seinare har det fleire gongar losna stein som har landa på oppsida av veggen.

STABILITETSVURDERING.

Utfrå dei observasjonar som er gjort, vurderer ein heile fjellsida sør for Timmersletti II som skredfarleg. Det gjeld her steinsprang og steinskred.

Området mellom fylkesvegen og fjellsida vil ligge utsett til for steinsprang. Dette området bør såleis ikkje nyttast

til utbyggingsføremål.

Området mellom fylkesvegen og fjellsida har rimeleg gunstig plassering med omsyn til skredfaren. Erfaring viser likevel at deler av området tidvis kan vera skredtruga. Eg vil derfor rå til at ei sone langsmed vegen blir nytta som ei bufferzone mot skred. (sjå vedlagde kartutsnitt). Derved vil ein oppnå at gjenverande del av utbyggingsområdet ved Timmersletti II, blir liggande utanfor grensa for antatt maksimal utløpsvinkel på 25° for steinsprang/steinskred.


VEGFRAMFØRING TIMMERSLETTI I-II

Med omsyn til skredfareproblematikken, har eg ikkje merknader til val av ny trasé for fylkesvegen gjennom planlagt bustadfelt Timmersletti I. Det vises til udatert teikning 8215 - JOE/ØT, framlegg til reguleringsplan for Svalheim/Timmersletti.

KONKLUSJON.

Avgrensa område ved Timmersletti II, gnr. 11, bnr. 3 i Årdal vil kunne nyttast til utbyggingsføremål. Tilhøve som gjeld utgliding i elva Utle eller flaum i Utle er ikkje vurderte. Desse spørsmåla bør ein få avklåra ved kontakt med NVE-Forbyggingsavdelinga.

Leikanger, 20.09.82


Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog

Kartvedlegg



TIMMERSLETTI II
 OVERSYN/SKREDFARE

KOMMUNE: Årdal

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
 PLAN OG UTBYGGINGSSJEFEN

MÅLESTOKK FELT. 6.09.82

1:5000

TEGN.
 RAPP. 20.09.82

B.F.Russenes

BILAG

KARTBLAD

RAPP.NR: